

NVE – Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

16.03.2023

Søknad om konsesjon for bygging av Markeland kraftverk

Markeland kraft SUS ønsker å nytte vassfallet i **Markelandsbekken** i Lyngdal kommune i Agder fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

I Etter vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:

- å byggje Markeland kraftverk med installert effekt på inntil 0,99 MW.

II Etter energiloven om løyve til:

- bygging og drift av Markeland kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing


Bystøl AS
Tomtebu 2
6893 Vik i Sogn



Jens A. Melheim

e-post: jenmel@bystol.no
telefon: 41 21 55 17

Konsesjonssøknad
for
Markeland Kraftverk



Lyngdal kommune, Agder fylke

Utarbeida av: John Helge Måren og Jens A. Melheim	Kontroll: Lisbeth Langbakk	Dato: 16.03.23 Rev.: 0
Bystøl AS	Tlf: 57 69 85 80 Fax: 57 69 85 81	e-post: post@bystol.no web.: www.bystol.no

Samandrag

Markeland Kraftverk er planlagt i Markelandsbekken med inntak på kote 200, innløp kraftstasjon på kote 51,5 og med utløp i Markelandsbekken på kote 49. Fylgjande hovuddata gjeld for anlegget:

- i. Installert effekt: 0,99 MW
- ii. Årsproduksjon: 3,6 GWh
- iii. Brutto fallhøgde: 151,5m
- iv. Rørgate: lengde om lag 440 m , diameter 0,6 m

Markeland kraftverk vil nytte delar av vassføringa i Markelandsbekken frå eit nedbørsfelt på 8,5km² i heiane vest for Vemestad i Lyngdalen. Ei bratt strekning på om lag 500meter og 150 høgdemeter frå heia og ned i Lyngdalen er omsøkt nytta til kraftproduksjon. Markelandsbekken er ein sidebekk til det verna Lygna-vassdraget (St.prp nr 89). Tiltaket råkar ikkje verneverdiane i vassdraget og det er heller ikkje lokale raudlista artar eller andre fuktkrevjande artar tilknytte Markelandsbekken på råka strekning. Det er lagt vekt på at avløpet frå kraftverket kjem oppstraums anadrom strekning i bekken og at luftovermetting ikkje skal skje. Oppstraums inntaket skal heller ikkje Sjurslona og myrområdet kring denne neddemmast. Tiltaksområdet er elles prega av vegbygging og skogsdrift og urørde naturområde vert ikkje råka. Størst konflikt med brukarinteresser kan vere støy frå kraftstasjonen. Det er difor vektlagt at det skal byggast ein stasjon med god støydemping og vasslås i avløpskanalen. Inntaket vert ein låg terskel og dykka sideinntak. Trykkrøyret vert nedgrave på heile strekninga.

Konsekvensane for tiltaket er samla vurderte til *ubetydeleg (0) til lite negativ (-)*. Størst negativ konsekvens er det for naturtypen elvemassar i eit verna vassdrag.

Som eit avbøtande tiltak er det foreslått å sleppe følgande minstevassføring:

- 35 l/s i heile året
- Installasjon av omløpsventil

Innhald

1.1	Om søkjaren.....	5
1.2	Grunngjeving for tiltaket.....	5
1.3	Geografisk plassering av tiltaket.....	5
1.4	Skildring av området.....	5
1.5	Eksisterande inngrep.....	6
1.6	Samanlikning med nærliggande vassdrag.....	6
2	Omtale av tiltaket.....	8
2.1	Hovuddata.....	8
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet.....	9
2.3	Kostnadsoverslag.....	15
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket.....	15
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold.....	16
2.6	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar.....	17
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn.....	19
3.1	Hydrologi.....	19
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima.....	21
3.3	Grunnvatn.....	22
3.4	Ras, flaum og erosjon.....	22
3.5	Raudlisteartar.....	25
3.6	Terrestrisk miljø.....	25
3.7	Akvatisk miljø.....	25
3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....	26
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON).....	26
3.10	Kulturminne og kulturmiljø.....	27
3.11	Reindrift.....	27
3.12	Jord- og skogressursar.....	28
3.13	Ferskvassressursar.....	28
3.14	Brukarinteresser.....	28
3.15	Samfunnsmessige verknadar.....	28
3.16	Kraftlinjer.....	29
3.17	Dam og trykkroyr.....	29
3.18	Ev. alternative utbyggingsløysingar.....	29
3.19	Samla vurdering.....	30
3.20	Samla belastning.....	30
4	Avbøtande tiltak.....	30
5	Referansar og grunnlagsdata.....	32
6	Vedlegg til søknaden.....	32

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Markeland Kraft SUS er tiltakshavar for Markeland Kraftverk, og har avtale med grunneigar Geir Iddeland om leige av fallrettane i Markelandsbekken.

Markeland kraft SUS er eit selskap under stifting eigd av 50% Ren Energi Ramsland AS og 50% Eidsvoll Eigedom AS. Ren Energi Ramsland eig og driftar Ramsland Kraftverk i Lindesnes og er eigd av Jonny Gabrielsen. Eidsvoll Eigedom er eit holdingselskap eigd av Morten Bøe.

Søklar:

Markeland kraft SUS
c/o Morten Bøe
4330 Ålgård

Org.nr: SUS

1.2 Grunngeving for tiltaket

Tiltaket har som føremål å utnytte vassressursane i Markelandsbekken ved å produsere elektrisk kraft. Kraftproduksjonen vil styrke næringsgrunnlaget for fallrettseigarane. Eit utbygging av elva vil gje grunnlag for lokal verdiskaping i utbyggingsperioden.

Markeland kraftverk er berekna å produsere 3,6 GWh, noko som tilsvarar forbruket til kring 180 husstandar (20000 kWh/årleg som føresetnad), og prosjektet har ei estimert kostnadsramme på kring 17,8 mill. NOK (mai 2022 prisar).

Tiltaket er ikkje tidlegare vurdert i høve til vassressurslova.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Markeland kraftverk er planlagt i Markelandsbekken, vassdragsnr. 024.B12Z. Markelandsbekken renn ut i Lygna ved Vemestad om lag 13 km nordaust for kommunesenteret i Lyngdal kommune i Agder fylke.

Sjølve kraftverket er planlagd ved om lag kote 51, rett nord for Markelandsbekken. Avløpsvatnet vert leia tilbake til Markelandsbekken i avløpsrøyr som har utløp ved om lag kote 49.

Vedlegg 1: Regionalt kart

Vedlegg 2: Oversiktskart (1:50 000)

Vedlegg 3: Detaljert kart (1:5000)

1.4 Skildring av området

Markelandsbekken samlar mange småbekkar i heiane aust for Vemestad i Lyngdalen.

Markelandsbekken har sitt utspring i fjellområda ved Ørneknipen (392 moh) i søraust. I desse fjellområda ligg fleire større og mindre vatn innanfor nedbørsfeltet. I aust finn vi Lomstjønnan og Sollivann (324 moh). Bekken slyngar seg sør for Solliknipen (340 moh) via myrområder ned Langedalen i nordvestleg retning før den møter Sollilona (224 moh), før den renn i nordleg retning over store myrområde; Skarmyra og Steggjan. Ved Steggjan svingar Markelandsbekken i nordvestleg retning ned mot Sjurslona og går vidare bratt gjennom tiltakområdet og får sitt utløp i Lygna.

I dei midtre delane av vassdraget frå Sjurslona går bekken meir ned i terrenget og går over berg med små fossar og stryk gjennom skogkledd terreng med ein blanding av lauv- og barskog. Den bratte dalsida mellom inntak og kraftstasjon er kulturprega, der bekken er omkransa av skogsbilvegar/traktorvegar langs heile tiltaksområdet på begge sider. Fylkesvegen, Markelandskleiva slyngar seg langs sørsida av elva.

Tiltaksområdet er avgrensa til delane av vassdraget mellom kote 49 og 210. Røyrkata er planlagt nedgraven parallelt med elva på nordsida, gjennom hogstfelt og småskog ned til kraftstasjonen.

Vassdraget er ikkje så stort i lengde og utstrekning. Totalt feltareal er 8,5 km².

1.5 Eksisterande inngrep

På sørsida av Markelandsbekken går fylkeskommunal veg nr. 4062 – Markelandskleiva opp forbi inntaket og vidare innover heia. I nedre del ligg nokre einebustader mellom fylkesvegen og bekken. På nordsida av Markelandsbekken er det fleire skogsvegar som går gjennom felt med hogd skog.


Ei 22 kV kraftlinje tilhøyrande Agder energi nett AS (ID 4805) passerar tiltaksområdet nærmast elva kring 100 meter nordaust for Sjurslona og går vidare i søraustleg retning langs elveløpet. Kraftlinja kryssar ikkje bekken i tiltaksområdet.

1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Elvestrekninga som vert påverka av prosjektet ligg i nedre delar av Markelandsbekken. Utløpet frå kraftverket er planlagt om lag på kote 49. Feltet er nordvestvendt og elva renn ut i Lygna like vest for grenda Moi.

Markelandsbekken er omfatta av verneplan 024/2 Lyngdalselva.

For samanlikning av nærliggjande vassdrag er det teke utgangspunkt i www.atlas.nve.no og lokalkunnskap. Lyngdal er ein kommune med noko potensial for utbygging av småkraftverk. Kartutsnitt under visar status for gitte konsesjonar og ferdigbygde kraftverk i nærområdet.



Figur 1 Oversiktskart vasskraftutbygging i området rundt Markelandsbekken (markert med raud dråpe), Lyngdal (www.atlas.NVE.no)

Som det går fram av figur 1 er det i dag ingen andre kraftverk i vassdraget. I NVE sin Atlas er det registrert eitt kraftverk i drift i Lyngdal kommune. Dette er Helle kraftverk (ID 1369) som ligg ca. 11 km i nordaustleg retning og utnyttar fallet i Hellevannsbekken. Kraftverket har ein installert effekt på 1,3 MW. Nord for planlagde tiltak i Markelandsbekken er Kvås minikraftverk (ID 4569) under planlegging. Dette er planlagt i bekk frå Espelandsvatna, ei sideelv til Lygna. To andre småkraftverk, Rørdal minikraftverk (ID 3920) og Stedjan minikraftverk (ID 6886) er omsøkte i kommunen. Førstnemnde ligg i sørvestleg retning frå omsøkte tiltak og sistnemnde lengst nordaust i kommunen.

Mot aust i nabokommunen Lindesnes ligg kraftverka Færåsen (ID 1464) og Tryland (ID 455). Færåsen er eit småkraftverk som utnyttar fallet mellom Eptevann og Brådlansvatn og har ein installert effekt på 1,4 MW og ein midlare årsproduksjon på ca. 5,7 GWh. Tryland kraftverk er eit elvekraftverk som har vore i drift sidan 1921 og utnyttar fallet frå Aklandstjørn. Kraftverket har ein installert effekt på 5,4 MW og ein årsproduksjon på 30,1 GWh.

Både i vest og søraustleg retning ligg fleire vassforsyningsdammar.

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt*	km ²	8,5
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	15,61
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	58,2
Middelvassføring	l/s	495
Alminneleg lågvassføring	l/s	25
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	17
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	59
Restvassføring**	l/s	3,7
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	200,5
Magasinvolum	m ³	300
Avløp	moh.	49
Lengde på råka elvestrekning	km	0,5
Brutto fallhøgde	m	151,5
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,34
Slukeevne, maks	l/s	810
Slukeevne, min	l/s	30
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	35
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	35
Tilløpsrøyr, diameter	Mm	600
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-
Tilløpsrøyr, lengde	M	437
Overføringsrøyr, lengde	m	-
Installert effekt, maks	MW	0,99
Brukstid	timar	3636
REGULERINGSMAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	-
HRV	moh.	-
LRV	moh.	-
Naturhesterkrefter	nat..hk	-
PRODUKSJON***		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,4
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	1,2
Produksjon, årleg middel	GWh	3,6
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad (2022)	mill. kr	17,8
Utbyggingspris (2022)	Kr/kWh	4,95

Tabell 1 – Hovuddata for kraftverket

*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringer, som nyttast i kraftverket

**restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Markeland kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	1,1
Spenning	kV	0,69
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	1,2
Omsetning	kV/kV	0,69/22
NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)		
Lengd	m	520
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel		jordkabel

Tabell 2 – Elektriske anlegg

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av kraftverket)

Det er utarbeidd eit hydrologinotat i samband med søknaden /4/. Innhaldet i dette kapitlet baserer seg på data frå dette notatet.

Markeland kraftverk er oversiktleg og avgrensa i omfang. Avstanden mellom inntak og turbin er ei om lag 440 m lang røyrgate med ein høgdeskilnad på om lag 150 m. Heile anlegget er plassert på nordsida av elva, med tilkomst inn i området via eksisterande fylkesveg, og traktor-/skogsvegar.

I tillegg til hydrologi er dei ulike delane av kraftverket omtalt nedanfor.

Det er ingen registreringar av vassføringa i det aktuelle vassdraget Markelandsbekken, og avgrensa aktuelle målestasjonar i området. Vidare analysar er basert på samanlikning og skalering med tidsseriar for avløp i målestasjonar i nedbørfelt med liknande avløpstilhøve. Tre ulike målestasjonar er vurdert.

VM 26.64 Rekedalselv er valt som representativ målestasjon og nytta i vidare berekningar av produksjon, og som hydrologisk grunnlag for Markeland kraftverk. Dette vassmerket er valt av di feltkarakteristikkar som areal, høgdeintervall og spesifikk nedbør er om lag den same som Markelandsbekken. Unntaket er ein noko høgare fjellprosent.


Data frå samanlikningsfeltet er skalert med omsyn til feltareal og spesifikt normalavløp. Areal og normalavløp er funnen frå NVE sitt avrenningskart for perioden 1961 – 1990.

Ved inntaket har Markelandsbekken eit samla nedbørfelt på 8,5 km² med eit samla årleg tilsig (middel) på om lag 15,61 millionar m³/år. Det gjev ei middelvassføring på 495 l/s. Restfeltet ned til kraftstasjonen er så lite at det er vurdert som neglisjerbart.


Alminneleg lågvassføring og 5-persentilen vinter- og sommarhalvåret for Markelandsbekken, er berekna ved skalering av VM 26.64 Rekedalselv, samt ved hjelp av NVE-appen Nevina. Med utgangspunkt i dette er alminneleg lågvassføring vurdert til å vere 25 l/s, og 5-persentilen for vinter- og sommarhalvåret vurdert til å vere høvesvis 59 og 17 l/s.

Omsøkte tiltak gir kraftverket eit utnyttingsgrad på 68,7 % av tilgjengeleg vatn ved inntaket i Markelandsbekken.


Årsvariasjon i avrenning og maksimale flaumar gjennom året er vist i figur 3. og 4. Markelandsbekken har eit atlantisk regime der flaumar førekjem heile året, anten som regnflaum eller kombinasjon av regn og snøsmelting. Dominerande lågvassperiode inntreff i sommarmånadane.




Figur 2 - Årsmiddel i perioden 2002-2021 i m³/s for inntak Markeland kraftverk. I ara 2003, 2009 og 2010 manglar periodar med data.




Figur 3 - Plott viser maksimale flaumar som døgnmiddel i m³/s ved inntak Markeland kraftverk.



Figur 4 - Plott som viser årsvariasjon i vassføringa i m³/s basert på fleirårs døgnverdier. Middel-, median- og minimumsvassføring ved inntak Markeland kraftverk er vist.



Figur 5 - Varighetskurve for sommarsesongen (1/5 - 30/9)



Figur 6 - Varighetskurve for vintersesongen (1/10-30/4)

2.2.2 Overføringer

Prosjektet er ikkje planlagt med overføring.

2.2.3 Reguleringsmagasin

Prosjektet er eit tradisjonelt elvekraftverk utan regulering.

2.2.4 Inntak

Dam og inntak er plassert i Markelandsbekken med overløp på kote 200,5. Det er synleg fjell og blokkstein slik at det er venta at dammen vert fundamentert mot fjell. Dersom det ikkje skulle vise seg å vere eigna fjell, vil dammen bli fundamentert på lausmassar. Dammen vil få varierende høgde, 0,5 – 1,0 m og er planlagt utforma som ein platedam i betong. Lengde på overløpet vert ca. 20 m.

Inntakskonstruksjonen vert plassert på nordsida av elva og vert utført i betong under flaumnivå og lukehus med trekledning over flaumnivå. Konstruksjonen vert hovudsakleg nedgraven og tilpassa terrenget elles. Her blir arrangement for minstevassføring og røyrfylling i tillegg til automatisk røyrbrotsventil og lufterøyr for trykkrøyr plassert. Minstevassføring blir målt, logga og vist på eit display ved inntaket. Inntaket er planlagt forebyggt mot flaumstigning og vil ha rister som sikrar mot at framandlekamar kjem inn i turbinen.

Dammen vil og utstyrtast med tappeluke slik at dammen kan tømmast og inspeksjon/vedlikehald kan gjennomførast.

Inntak/dam	
Damhøgde, [m]	0,5 – 1
Dambreidde, [m]	25
Volum dam, [m ³]	300
Neddemt areal, [m ²]	400
Installasjonar i dam/inntak:	Finrist Bjelkestengsel for inntak Stengeventil på røyr Luftrøyr Arrangement for minstevassføring Arrangement for fylling av røyrgate Spyleluke i dam Sonde for vasstandsmåling

Tabell 3 – Data for inntak og dam

2.2.5 Vassveg

Røyrkata vert om lag 440 m med dimensjon Ø600mm. Den vert liggande på nordsida av Markelandsbekken og nedgraven i heile lengda. Røyrstrekinga må påreknast å bli ein kombinasjon av sprengd- og lausmassegrøft. Førebels er det rekna med å bruke røyr av duktilt støypejern med strekkfaste skøyter i dei brattaste partia. I traseen til røyrkata er det hogd mykje skog, og etablert skogsveg, men det må påreknast att noko både lauv- og barskog og kratt må hoggast ned og ryddast i samband med anleggsarbeidet.

Breidda på ryddebeltet kan påreknast til 15-20 m då det er stadvis bratte parti. Etter at røyrkata er ferdig nedgraven vert terrenget revegetert og råka areal vil etter ei tid gro til som terrenget i kring.

Det stadlege topplaget blir lagt til sides i rankar under anleggsdrifta, og tilbakeført i samband med sluttarbeidet. Eventuell trong for gjødsling vert vurdert for å hjelpe revegetasjonen i gang dersom det skulle vise seg at revegetering går seint.

Traseen er vist på situasjonsplanen i vedlegg 3.

2.2.6 Kraftstasjon

Kraftstasjonen er planlagt plassert med senter turbin om lag på kote 51,5, og avløp på kote 49 på nordsida av bekken ved enden av traktorveg. Avløpet er planlagt til ein naturleg kulp i elva. Plassering av stasjonen er vist på situasjonsplanen i vedlegg 3, og elles illustrert i vedlegg 5 – Foto av råka område.

Kraftstasjonen er planlagt delvis inntilfylt på sidene etter skjønsmessig vurdering for mest muleg naturleg tilpassing til innløpsrøyr og støytkloss, stadleg terreng og omgjevnadane. Taket vert seksjonsbygd for avløfting ved montering av teknisk utstyr.

Stasjonsbygget er planlagt utført med veggjar i betongelement forblenda med utvendig trekledning for god støydemping. Stasjonen er planlagt med ei grunnflate på ca. 60 m².

Stasjonen er lagt på nordsida av elva, ca 25 meter frå næraste busetnad. Det vil bli lagt vekt god støydemping med veggjar i betongelement og lydfelle i utløpskanalen. Vifter og avkast vil bli plassert på veggjar med retning vekk frå bustader.

Fysiske mål og materialbruk:

Grunnforhold:	Lausmasse/fjell
Fundament:	Betong
Lengde x breidde:	8,5 x 7,0
Utløpskanal, l x b:	6,0 x 1,6 (Målsett frå stasjonsliv og ut)
Materialbruk:	
- Ytterveggjar:	Betongelement med forblending i tre
- Innerveggjar:	Betong med støyabsorberande plater
- Tak:	Takstolar/sperretak, tekka med stålplater.

Parkering og snuplass er planlagt på nord- og austsida med ein oppgrusa plass på 150 m².

I kraftstasjonen skal det plasserast ein Peltonturbin med slukeevne på 0,81 m³/s

Generator	Yting, MVA	Spenning, kV
	1,1	0,69
Transformator	Yting, MVA	Omsetning, kV/kV
	1,2	0,69/22

Tabell 4 – Elektriske anlegg i kraftstasjonen

Støydempande tiltak er omtala i kapittel 4.

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket vert drifta med vasstandsregulering på inntaksdammen og regulerar vasstanden på kanten av overløpet og tilpassar effekten etter tilsiget. Dersom tilsiget vert mindre enn vedteken minstevassføring vil kraftverket stå og alt vatnet vert leia forbi og sleppt til bekken.

Det inntaksmagasinet er lite, ca 300m³ og det er ikkje planlagt effektkøyning (start-stopp køyning) av kraftverket.

2.2.8 Vegbygging

Fylkesveg 4062 – Markelandskleiva går langs sørsida av elva og gjennom heile tiltaksområdet. Denne vil bli nytta til transport av røyr, betong og andre bygningsvarer, samt i driftsfasen i høve inspeksjonar og tilsyn med anleggsdelane. På nordsida av elva er det fleire private traktorvegar som går langs- og heilt inntil elva fleire stader.

Både Markelandskleiva og dei private traktorvegane er planlagt nytta til transport og tilkomst til røyrkata i byggefasen. Det vil bli laga korte mellombelse anleggsvegar inn frå eksisterande vegar der det er naudsynt. Det vil vere behov for rydding av noko kantvegastasjon langs eksisterande vegar.

Det vil bli behov for mellombels anleggsveg langs røyrkata i samband med røyrlegginga. Veg langs røyrtraseen vil krevje eit ryddebelte på 15-20 m (inkludert røyrgrøft) avhengig av kor sidebratt terrenget er.

Tilkomst til inntaket vil krevje opprusting av eksisterande skogsveg og vad over elva oppstraums inntaket.

Tilkomst til kraftstasjon vil krevje forlenging av eksisterande traktorveg med ca. 20 m.

Dette er vist på detaljert kart / situasjonsplan , vedlegg 3.

2.2.9 Massetak og deponi

Det er ikkje planlagt masseuttak eller deponi. Overskotsmassar ved inntak/dam, røyrgate og ved kraftstasjonen vert nytta til terrengarrondering lokalt og nytta på anlegget der. For omfylling av trykkrøyrer vert det trong for noko tilførte massar. Eventuelt endra behov vil verte omsøkt i detaljplan.

2.2.10 Nettilknytning

I kraftstasjonen skal det installerast ein 0,69/22 kV transformator og tilkoplinga til nett vil skje via ein 540 meter lang nedgraven jordkabel til nærmaste tilkoplingspunkt. Trase for kabel er vist på kart i vedlegg 3. For nærmare detaljar sjå avtale med områdekonsesjonær Agder Energi nett AS, samt stadfesting på kapasitet i overliggjande nett (vedlegg 8).

2.3 Kostnadsoverslag

Markeland Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	0
Overføringsanlegg	0
Inntak/dam	2,3
Driftsvassvegar	4,2
Kraftstasjon, bygg	2,8
Kraftstasjon, maskin og elektro (helst skild)	4,5
Avløpsrøyr	-
Kraftlinje	0,4
Transportanlegg	0,4
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,2
Uventa	1,5
Planlegging/administrasjon	1,0
Finansieringsutgifter og avrunding	0,5
Anleggsbidrag	-
Sum utbyggingskostnader	17,8

Tabell 5 – Oversikt over utbyggingskostnader (tal frå 2022)

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Markeland kraftverk er berekna å kunne bidra med 3,6 GWh auka kraftproduksjon. Dette tilsvarar nok straum til kring 180 norske hushaldningar (20 000 kWh/år lagt til grunn). Dette er ytterlegare eit bidrag til tilgang på ny kraft. I tillegg bidreg prosjektet til å generere inntekter til fallrettseigar og kraftverkseigarane og gje skatteinntekter til Lyngdal kommune. I anleggsfasen vil prosjektet bidra til å auke aktivitetsnivået i kommunen, og gje behov for lokal arbeidskraft. Sjå og kap. 3.15 – Samfunnsmessige fordelar.

Ulemper

Ulemper ved tiltaket er først og fremst knytt til inngrep og redusert vassføring i Markelandsbekken, som er ein sidebekk i det verna Lygnavassdraget. Utanom at omsøkt utbygging er eit tiltak i eit vassdrag med få tekniske inngrep, råkar ikkje utbygginga verneverdiane i Lygnavassdraget knytt til naturmangfald, kulturminneverdiar og friluftsliv. Slukeevna er på 810 l/s, som er 164% av middelvassføringa, gjer at Markelandsbekken i flaumperiodar vil opplevast uendra. Ei minstevassføring på 35 l/s, som er noko over alminneleg lågvassføring, vil syte for at kraftverket står i periodar med lite vatn i bekken. Utan reguleringsmagasin, effektkøyring og med mjuke overgangar mellom start og stopp grunna låg minste driftsvassføring, vil forholda i gytbekken nedstraums kraftstasjonen vera tilnærma uendra. Inntaket vil bli utforma slik at luft ikkje blir sugd inn i røyret sidan dette kan føre til luftovermetting nedstraums kraftstasjonen.

I anleggsperioden vil det vere synlege terrenginngrep og noko meir trafikk og støy i området.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

For å kunne gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til midlertidige og permanente anlegg. Dei midlertidige anlegga, riggområder og anleggsvegar vil bli tilbakeført når arbeidet er ferdig.

Oversikt over midlertidig og permanent arealbehov:

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	-	-	
Overføring	-	-	
Inntaksområde	2,0	0,5	
Røyrgate (vassveg)	8,8	1,7	Skog, 20/4 meter breidde
Riggområde	3,0	0	
Vegar	0,8	0,4	Skog, vegtrasé langs røyr er inkludert i arealbruk røyrgate
Kraftstasjonsområde	2,0	0,5	Skog
Massetak/deponi	-	-	
Nettilknytning	1,2	0,2	Følgjer grøftetraseen, ca 90m, deretter langs skogsveg til 22kV-linja.
Sum	17,8	3,3	

Tabell 6 - Arealbehov

For lokalisering av areala vert det vist til detaljkart i vedlegg 3.

Eigedomsforhold

Alle areala ligg på ein fallrettseigar sin eigedom. Utbyggjar har avtala fall- og grunnleige med grunneigaren. Samla oversikt over fallrettar og grunneigarar er vist i vedlegg 7.

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Skildring av tiltaket sin status i høve til:

Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Lyngdal kommune har ikkje utarbeidd eigen kommunedelplan for småkraftverk.

Aust- og Vest-Agder (No Agder fylke) fylkesting vedtok hhv. 11.12.07 og 12.12.07 Energiplan for Agder. Dette er ein felles energiplan for Agder. Markelandsbekken er ikkje nemnt i denne planen. Planen adresserar mellom anna at energiproduksjonen i Agder i hovudsak er knytta til vasskraft, og at regionen har eit potensial for ny energiproduksjon frå fornybare kjelder som vasskraft. Dette potensialet vert trekt fram som interessant for mulegheiter for ny næringsutvikling i fylket. Energiplanen trekk fram at Agder innan 2020 skal produsere ytterlegare 2 TWh fornybar kraft- og varmemproduksjon på Agder. Regionplan for Lister 2030 vart vedtatt av Agder fylkesting 16. februar 2021. Lyngdal er ein av 6 kommunar som er omfatta av dette felles utviklingsverktøyet for kommunane. Handlingsprogrammet omtalar plan for å revidere energi- og klimaplanen for Lister. Planlagt oppstart for ny energistrategi for Agder var våren 2022, men arbeidet er utsatt inntil vidare på grunn av manglande kapasitet (www.agderfk.no).

Kommuneplanar

Prosjektområdet er i «Kommuneplan for Lyngdal» sin arealdel (2014-2025) definert som LNF-område.

Samla plan for vassdrag (SP)

Etter stortinget si handsaming av energimeldinga «Kraft til endring» i 2016 vart ordninga *Samla plan for vassdrag* avvikla som forvaltningsverkty.

Verneplan for vassdrag

Markelandsbekken er ein sidebekk til det verna Lyngdalsvassdraget og såleis omfatta av verneplan 024/2 Lyngdalselva. Lyngdalsvassdraget er verna gjennom «024-2 Lyngdalselva, ST.prp.nr 89 1984-85». Lyngdalsvassdraget har sitt utspring i heiane mellom Kvinesdal og Åseral og har utløp inst i Lyngdalsfjorden.



Figur 7 – Oversikt over verneområde i regionen

Nasjonale laksevassdrag

Lyngdalsvassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Ev. andre planar eller beskytta område

Området er kontrollert opp mot miljødirektoratet si kartteneste, naturbase /1/. Her er Markelandsbekken definert som viktig bekkedrag/gytebekk (HB13) (ID BN00036211). I følgje rapport om naturmangfald, vedlegg 9, er denne registreringa frå 2004 gamal og utdatert. Naturtypen er ikkje lenger omfatta av Miljødirektoratet sin instruks for kartlegging av raudlista og forvaltningsrelevante naturtypar.

EUs vassdirektiv

Markelandsbekken er ikkje omtala i regional plan for vassforvaltning for Agder vassregion, Lygna vannområde 2016-2022, eller regional plan for vassforvaltning i Agder vassregion 2022-2027 /2/

Tiltaket er heller ikkje nemnd i *Tiltaksprogram for Lygna vannområde 2022-2027*. (www.vannportalen.no).

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi

Det eksisterar i dag ingen måling av vassføring i det aktuelle vassdraget. Vidare berekningar er difor basert på samanlikning og skalering av tidsseriar frå målestasjonar med samanliknbare nedbørs- og avløpstilhøve.

Basert på skalering av referanseserien frå VM 26.64 Rekedalselv er alminneleg lågvassføring i Markelandsbekken berekna til 25 l/s. 5-persentilen for perioden 1. mai – 30. september (sommar) og 5-persentilen for perioden 1. oktober – 30. april (vinter) er utrekna ved hjelp av NVE (Nevina) og på grunnlag av skalert vassføring for åra 2002-2021 for vassmerket 26.64 Rekedalselv. Skalering av referanseserien gjev høgare verdiar for 5-persentilane enn avrenningskartet (Nevina) .

Lågvassføringane er tilrådde som utgangspunkt for slepp av minstevassføring. Følgande nøkkeltal er berekna for vassføringa ved inntakspunktet:

- Middelvassføring: 495 l/s
- Alminneleg lågvassføring: 25 l/s
- 5- persentil 1. mai – 30. sept.: 17 l/s
- 5 persentil 1. okt. – 30. april: 59 l/s

Det er føreslått forbislepp av minstevassføring på 35 l/s heile året. Med desse føresetnadane og ut frå historiske data vil kraftverket nytte 68,7 % av tilgjengeleg vatn ved inntaket.

I tabellen under er det berekna antal dagar turbinen står, dagar med overløp og dagar med minstevassføring for eit normalt (2007), eit tørt (2021) og eit vått (2020).


Normalt år (2007)	
Tal på dagar turbinen står	26
Tal på dagar med overløp	76
Tal på dagar med minstevassføring	263
Tørt år (2021)	
Tal på dagar turbinen står	96
Tal på dagar med overløp	34
Tal på dagar med minstevassføring	235
Vått år (2020)	
Tal på dagar turbinen står	41
Tal på dagar med overløp	102
Tal på dagar med minstevassføring	222

Tabell 7 – Tal dagar med endra vassføring på råka strekning for Markeland kraftverk


Som tabellen viser vil det i eit normalt år vere 76 dagar i året (21 % av året) med overløp i inntaket, 263 dagar med minstevassføring (72 % av året) og 26 dagar der turbinen står (7 % av året).

Noko uventa viser tabellen at kraftverket vil stå fleire dagar i eitt vått år enn i eit normalt år. Dette skuldast at vassføringa var jamnare i 2007 enn i 2020. Året 2020 var prega av høge flaumtoppar om vinteren, men også ein lengre lågvassperiode i mai måned.


Vassføringa like nedstraums inntaket før og etter ei utbygging er under vist for eit normalt, eit tørt og eit vått år.



Figur 8 -Vassføring rett nedstraums inntak Markelandsbekken før og etter ei utbygging i eit normalt år (2007)



Figur 9 -Vassføring rett nedstraums inntak Markelandsbekken før og etter ei utbygging i eit tørt år (2021).



Figur 10 - Vassføring rett nedstrøms inntak Markelandsbekken før og etter utbygging i eit vått år (2020)

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Dagens situasjon: Bekken vert som oftast snø- og islagt i vintermånadane og fram til mars. Låg vassføring oppstår først og fremst i sommarmånadane. Isgang kan oppstå ved inntaket ved omslag til mildvær kombinert med store nedbørsmengder og snøsmelting. Isen vert knust i øvste fossefall.

Vasstemperatur og isforhold:

Anleggsfasen: Elva vil renne naturleg og situasjonen vert uendra med unntak av perioden med arbeid på dam og inntak. I anleggsfasen vil vatnet bli leia utom og forbi under arbeidet med bygging av dammen. Anleggsarbeidet ved dam og inntak vil blir lagt til periodar med normalt lite vassføring, det vil seie sommar og tidleg haust, før gytetida.

Driftsfasen: Vassføringa vert redusert mellom inntaket og utløpet frå kraftstasjonen.

Vinter: Markelandsbekken ligg i atlantisk hydrologisk regime der flaumar inntreff heile året. I normale og våte år vil det renne minstevassføring i elva utanom i periodar med flaumvassføring. I tørre vintrar vil kraftverket stå og elva renn med naturleg vassføring. Vasstemperaturen vil bli lite påverka.

Sommar: I sommarhalvåret er det venta at elva renn med minstevassføring i lengre periodar, men unntaka av korte periodar med større vassføring. Det er også venta periodar, spesielt i tørre år, med lågvassføring der kraftverket står og elva renn naturleg. Vasstemperaturen på strekning med minstevassføring kan bli litt høgare, men dette vert utjamna ved kraftstasjonen slik at det nedstrøms denne vert ubetydeleg skilnad frå før-situasjonen.

Lokalt klima: Det er ingen regulering og råka elvestrekning er kort slik at vasstemperatur og lokalt klima er venta å bli marginalt påverka av ei utbygging.

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

3.3 Grunnvatn

Grunnvassressursane i området er ikkje kartlagde (Ref: Granada – Nasjonal grunnvannsdatabase). Dagens situasjon er ikkje venta å verte endra av ei utbygging.

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

3.4 Ras, flaum og erosjon

I samband med synfaring er området vurdert med omsyn til flaum- og skredfare. I tillegg er området kontrollert opp mot NVE sine digitale faresone- og aktsomheitskart, og NVE si oversikt over registrerte hendingar i området.


Det er registrert 2 skredhendingar langs Markelandsvegen. Det er elles ingen registrerte skredhendingar i området.

Fleire delar av tiltaksområdet ligg i aktsemdområde i NVE Atlas. Midtre til nedre delar av vassveg, samt kraftstasjonsområdet ligg i aktsemdområde for utløpsområde for snøskred. Delar av vassveg og kraftstasjonen ligg i aktsemdområde for jord- og flaumskred.

Inntaket vert delvis nedgravd, og røyrkata vert nedgraven med minimum 1 m overdekning. Dette er vurdert til å vere tilstrekkeleg beskyttelse mot fare for skred. Kraftstasjonsområde er vurdert til å ikkje vere spesielt utsett for store snøskred der den ligg i område med allereie etablert busetnad og infrastruktur.

Ved detaljplanlegging av prosjektet må det gjerast ei lokal skredfarevurdering. I Byggefase må det visast aktsemd og mellombelse og permanente sikringstiltak vurderast som ein del av risikovurderinga før oppstart av arbeidet.

Tiltaket er grovplassert og markert med blå stipla linje og raudmarkering i figurane under.



Figur 11 – Aktsemdområde snøskred: Utløpsområde



Figur 12 – Aktsemdområde for jord- og flaumskred.



Figur 13 – Skredhendingar i området (Vist med grå kvadrat)

Flaumar:

Flaumar inntreffer heile året, enten som regnflaum eller kombinasjon av regn og snøsmelting. Haust- og vinterflaumar er dominerande. For nedslagsfeltet til Markelandsbekken og Markeland kraftverk kan ein vente kulminasjonsflaum om hausten på over 200 % av døgnmiddel.

Drifta av Markeland kraftverk vil påvirke flaumsituasjonen i svært liten grad.

Flaum og erosjon:

Det er ikkje registrert flaumskred/lausmasseskred i tiltaksområdet ved dagens situasjon. I anleggsfasen vil ein kunne få noko erosjon ved utgraving og etablering av inntak/dam. For å redusere sedimenttransport og tilslamming av vassdraget, er det viktig at arbeidet vert utført i ei tid på året med statistisk liten vassføring, som typisk er sommarmånadane, eller mai og september. Resten av arbeidet med røyrgate og kraftverket vil føregå vekk frå elva. I driftsfasen vil ei utbygging ikkje påvirke flaum- og erosjonsfaren. Inntaket vert delvis nedgrave, tilpassa området, og det vert plastra med store steinar mot elva for å hindre erosjonsskadar på anlegget.

Stasjonstomta ligg i aktsemdområde for jord- og flaumskred. Kraftstasjonsgolv vert plassert over flaumnivå og området mellom kraftstasjon og elva vert erosjonssikra. I inntaket vert det støypt eit flaumvern som beskyttar inntaket og lukehuset ved stor flaumvassføring i elva. Det vert elles plastra i dammen og like nedstraums dammen for å forebygge mot utgraving og erosjon i dette området.

Arbeidet i inntaket vil bli utført i sommarmånadane og/eller mai og september når det er minst vassføring i elva, for å minimere sedimenttransport og tilslamming ved arbeid i inntaket. Samla sett er konsekvensen for ras, flaum og erosjon ikkje venta å endre seg betydeleg som følge av ei utbygging.

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

3.5 Raudlisteartar

Det er utarbeidd ein eigen rapport for kartlegging av biologiske verdiar i området og konsekvensane for naturmangfald. Rapporten er utarbeidd av Ecofact AS og ligg vedlagt (vedlegg 9). Rapporten baserer seg på feltregistreringar og nettbaserte kjelder.

Det vart ikkje funnet sjeldne eller raudlista artar under feltarbeidet.

Konsekvens: *Ubetydeleg (0)*

3.6 Terrestrisk miljø

Innhaldet i dette kapitlet tar utgangspunkt i utarbeida rapport om biologisk mangfald, vedlegg 9.

Naturtypar

Uttak av vatn i Markelandsbekken vil redusere kvaliteten på den raudlista naturtypen *elvevannmasser* (NT) mellom inntak og utløp. Kvaliteten blir hovudsakleg redusert i periodar med minstevassføring i bekken. Ved mindre vassmengder enn summen minstevassføringa (35 l/s) og minste driftsvassføring (30 l/s) vil det vere naturleg lågvassføring i bekken. Ved stor vassføring, vil vassuttaket vere lite i høve total vassføring, sjå figurane 8 til 10 over. I store delar av året, 220 til 270 dagar per år, vil det etter utbygginga gå minstevassføring i Markelandsbekken. I rapport med konsekvensutgreiing for naturmangfald, vedlegg 9, er konsekvensen for elvevannmasser vurdert til betydeleg miljøskade (--) sidan elvevannmasser er *sterkt forringa* og verdien er middels.

Karplanter, mosar og lav

Berggrunnen består av massiv granitt og båndgneiss og Markelandsbekken er sørvendt, kupert og bratt og med få stader der lukka system som held på fuktigheita. Av karplanter er det berre funne vanlege artar for regionen. Likeeins for lav er det berre funne vanlege artar utan spesiell tilknytting til stabilt fuktig regime i eller langs elvestrengen. Også mosefloraen framstår som begrensa med få og vanlege artar.

Fugl og pattedyr

Det er ikkje kjend sårbare førekomstar av fugl og pattedyr innanfor influensområdet. Elvestrekninga vil truleg ha lokal verdi for fugleartar som fossefall, vintererle og ulike ande- og vadefuglar. Influensområdet er truleg nytta av vanlege pattedyrartar for regionen. Det er eit kjend trekk for elg som kryssar Markelandsbekken i øvre del. Elg er tilpassingsdyktige dyr og vil truleg finne andre ruter i anleggsfasen. I driftsfase vil menneskeleg aktivitet avgrense seg til periodisk tilsyn med inntak og kraftstasjon og elgen vil truleg finne tilbake til trekkruta.

Samla vurdering

Konsekvensen av tiltaket er vurdert som noko negativ for terrestrisk miljø. Naturtypen elvevannmasser (NT) blir påført betydeleg miljøskade (--). For andre tema er påverknaden ubetydeleg (0).

Konsekvens: *noko negativ (--)*

3.7 Akvatisk miljø

Innhaldet i dette kapitlet tek utgangspunkt i utarbeida rapport om konsekvensar for naturmangfald, vedlegg 8. På råka strekning går Markelandsbekken bratt ned lia. Øvst over blankskurde berg og nedst

gjennom grovt substrat. Farten til vatnet er generelt høg og det er få lommer med stillestående vatn. Berggrunnen har hard og næringsfattig. Elva er lite eigna for kvervellause dyr og ho har liten verdi for fisk. Rapporten for naturmangfald gjev ikkje nøyaktig plassering for vandringshinder for anadrom fisk frå Lygna, men konstaterer at den kupert delen av elva som startar like nedstraums avløpet hindrar oppgang av aure og laks. Slepp av minstevassføring i sommarmånadane er to gongar høgare enn 5-persentilen. Dette gjer at miljøforholda tilknytta akvatisk biomangfald i stor grad vert ivareteke.

Med liten verdi og ubetydeleg påverknad vert konsekvensen for akvatisk miljø:

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

3.8 Verneplan for vassdrag

Markelandsbekken er ein sidebekk til det verna Lyngdalsvassdraget og såleis omfatta av verneplan 024/2 Lyngdalselva. Lyngdalsvassdraget er verna gjennom «024-2 Lyngdalselva, ST.prp.nr 89 1984-85». Lyngdalsvassdraget har sitt utspring i heiane mellom Kvinesdal og Åsral og har utløp inst i Lyngdalsfjorden.

Vernet av Lyngdalsvassdraget er grunngjeve som følgjer (frå ST. prp. 89):

«Kontaktutvalget viser til at dette objektet representerer særdeles store verneverdier både for vilt og fisk, friluftsliv, naturvitenskap og kulturvitenskap. På grunn av sin uberørthet inneholder objektet kvaliteter som gjør det særlig godt egnet som referanseobjekt både i naturvitenskapelig og viltbiologisk sammenheng. Det faktum at vassdraget er nesten uten tekniske inngrep, bidrar også til en stor friluftsmessig verdi. Utvalget legger stor vekt på Lyngnas betydning som typevassdrag for landsdelen og tilrår derfor at objektet gis varig vern.»

Markeland kraftverk råkar ikkje verdier som er særskilt nemnde i verneplanen. Det er heller ikkje kulturminne som vert råka. Områda rundt tiltaksområdet er sterkt kulturpåverka av skogsdrift, vegbygging og bustadbygging.

3.9 Landskap

Landskapet i nedre del av Lyngdalen er eit delvis opent dallandskap der elva Lynga renn roleg over morene og sediment i botn av dalen. Dalbreidda varierer oppover Lyngdalen og ved Moi er dalen 400-500m brei. Det er drive landbruk på flatene. Busetnaden er spreidd med nokre grender med fleire hus, som til dømes Moi. Dalsidene er relativt bratte med høgde 200-300m opp til skogkledde heiar.

Det planlagte utbyggingsområdet er prega av menneskeleg aktivitet. På sørsida av bekken slynger Markelandskleiva (FV 4062) seg opp til heia. På nordsida har det nyleg vore drive intensivt skogbruk med uttak av tømmer. I samband med skoguttaket har det vore bygd eit nett med bratta skogsvegar. Hogstfeltet er replanta og på sikt vil eit nytt plantefelt vekse fram. Berggrunnen er hard og kalkfattig. Vegetasjonen er typisk blåbærskog. Det naturlege tresjiktet i området er dominert av furu med innslag av bjørk og rogn.

Øvste del av Markelandsbekken går over berg og det vesle fossfallet øvst er synleg frå dalen, spesielt ved flaumar. Den synlege delen av fossen er ikkje eit viktig landskapselement i området. Ei utbygging vil medføre at det oftare renne minstevassføring. Utan regulering og med avgrensa vassuttak vil flaumar vere ubetydeleg redusert. Minstevassføringa er sett relativt høg og i lågvassperiodar vil elva renne naturleg. Liten verdi og noko forringa påverknad gjev ubetydeleg til lite negativ konsekvens.

Konsekvens: Ubetydeleg/ Lite negativ (0/-)


3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Området er undersøkt ved tilgjengelege kart og databasar (Riksantikvaren, Askeladden). Fylkeskommune vil gje sine fråsegn om kulturminne i høyringsrunden.

I området kring Markelandsbekken og omsøkte tiltak er det registrert fleire automatisk freda kulturminne, men ingen i sjølve tiltaksområdet. Om lag 120 m vest for planlagde kraftstasjon, på andre sida av elva, ligg kulturminnet Hanebakken (ID 145209-1), der det vart gjort eit lausfunn i 1930-åra. Noko lengre nord ligg gravfeltet Monan (ID32572). Knappe 200 m Nord for Sjurslona, ca. 800 m oppstraums utløpet av Markelandsbekken ligg ein ikkje-freda tradisjonslokalitet. I lenger utstrekning frå omsøkte tiltak er det fleire automatisk freda gravfelt/haugar.

Dei registrerte kulturminna vil ikkje bli påverka av tiltaket.

Sjølv om det ikkje er registrert kulturminne i prosjektområdet er det eit visst potensiale for funn. Dersom det under byggjearbeidet skulle framkome kulturminne (særleg aktuelt med lause gjenstandar) vil ein vise aktsemd og melde frå.



Figur 14 – Fornminner kring tiltaksområdet (Askeladden, riksantikvaren)

Konsekvensen for kulturminne og kulturmiljø som følge av dette prosjektet er vurdert som:

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

3.11 Reindrift

Det er ikkje reindriftingsinteresser i området.

3.12 Jord- og skogressursar

Utbyggingsområdet består av bratt og skogkledd terreng. Det er ikkje dyrka mark eller innmarksbeite i tiltaksområdet. Nedstraums kraftstasjon er det dyrka mark mot utløpet av Markelandsbekken i Lygna. Heile røyrtraseen er planlagt på nordsida av Markelandsbekken i delvis skogkledd terreng og hogstfelt. På nordsida av bekken, er det hogd skog og etablert fleire skogsvegar, men tiltaket vil ikkje påverke dette området ytterlegare utover røyrtrasèen som vil dra nytte av skogsvegane i anleggs- og driftsfasen. Tiltaksområdet ligg ei blanding av lauv- og barskog med bonitet høg og særskilt høg.

Ingen delar av tiltaksområdet er av Nibio klassifisert som dyrkbar jord.

Under arbeidet med røyrlegginga vert det eit ryddebelte på 15-20 meter der skogen må leggjast ned. For framtida vert det over røyrtrasèen ei sone med om lag 4 meters breidde der ein må unngå store tre over trykkrøyrret. På delar av dette arealet er det skogsveg slik at om lag 1,2daa vert permanent bandlagd. Dette utgjer ein ubetydeleg del av skogarealet i området.

Tiltaket er vurdert til å ha ubetydeleg konsekvensar for skog- og jord-ressursar.

Området er vist i vedlegg 5 – Foto av råka område.

Konsekvens: *Ubetydeleg (0)*

3.13 Ferskvassressursar

I anleggsfasen vil arbeid med inntak kunne føre med seg ein forbigåande auke i lausmassetransport i elva. Dette er avgrensar seg til ein relativt kort periode og arbeidet vil bli lagt utanom gyteperiodar.

Det er ingen kjende vassutak på elvestrekninga.

Konsekvens: *Ubetydeleg (0)*

3.14 Brukarinteresser

I byggefasen vil det vere aukande trafikk og støy i tiltaksområdet, men lite vil verte synleg frå vegen som folk flest nyttar i området. Den bratte lia er eit lite nytta friluftsområdet. Området vert nytta til trim- og nærturar. Høve for trimtur opp til inntaket på nordsida av området vert noko redusert i anleggsfasen, men likt som før etter att trykkrøyrret er nedgrave. Det vil bli lagt vekt på støydempende tiltak i prosjekteringa av kraftstasjonen slik at støy frå kraftverket ikkje skal vera til sjenanse for bebuarar i området i driftsfase. I driftsfasen er det ikkje venta at anlegget vil ha nemneverdig konsekvensar for andre brukarinteresser. Konsekvensen av prosjektet er vurdert som ubetydeleg i driftsfasen.

Konsekvens: *Ubetydeleg (0)*

3.15 Samfunnsmessige verknadar

Generelle verknadar:

Investeringane i dette prosjektet, på over 17 millionar kroner, vil naturleg nok gje ringverknadar lokalt. Sal av ei rekke varer og tenester vil auke i kommunen. Dette er omsetning som vil skje både gjennom byggeperioden (antatt 9-12 mnd) og i driftsfasen med tilsyn og vedlikehald.

Tiltakshavar Markeland Kraft SUS er eigd av Ren Energi Ramsland AS og Eidsvoll Eigedom AS. Fallrettsleige blir betalt til lokal grunneigar.

Skatteinntekter:

Fylkeskommune og stat vil og få skatteinntekter tilsvarende gjeldende skattereglar.

I tillegg vil Lyngdal kommune få eideomsskatt frå kraftverket. Per i dag er eideomsskattesatsen på 7 promille for kraftverk.

Det er ikkje påvist negative samfunnsmessige konsekvensar ut over det som er omtala i dei andre punkta.

3.16 Kraftlinjer

Tilknyting til linjenettet vil skje via jordkabel til nærmaste tilkoplingspunkt som ligg om lag 540 meter frå planlagd kraftstasjon, sjå detaljert kart vedlegg 3. Det vil difor ikkje verte synlege permanente inngrep som følgje av linjetilknyttinga.

3.17 Dam og trykkrøyr

Skjema for klassifisering av dammar og trykkrøyr er fylt ut og ligg ved søknaden.

Konsekvensar ved brot på dam

Dammen har eit oppdemt volum på om lag 300 m³ og damhøgda er under 2 meter. Inntaksdammen kan derfor automatisk plasserast i konsekvensklasse 0 utan ytterlegare vurderingar av dambrotskonsekvensar.

Brotvassføringa er berekna til 20 m³/s. Med denne brotvassføringa vert magasinet tømt i løpet av 15 sekund. Ved eit dambrot vil dambrotsbølgja raskt bli redusert då magasinet er svært lite og massane i elva grove. Ved og nedstraums kraftstasjonen ligg nokre bustader inntil bekken og bekken går under FV43. I dette området, 450-500 meter nedstraums dammen vil dambrotsbølgja vere vesentleg redusert og ho vil truleg vere mindre enn vanlege flaumvassføringar i bekken. Middelflaumen Q_M er på 7,5m³/s.

Dammen er difor foreslått plassert i brotkonsekvensklasse 0.

Konsekvensar ved brot på trykkrøyr

Trykkrøyrret vert lagt på nordsida av elva og følgjer i stor grad parallelt med Markelandsbekken. Dimensjonen er DN600. Sidan store delar av trykkrøyrret må leggjast med strekkfaste koplingar, vert truleg duktile støypejernsrøyr nytta. Ved kraftstasjonen er trykkhøgda 149m og ei sprutsone på 75m må leggjast til grunn for klassifisering. Innan for denne avstanden frå kraftstasjonen er det tre bustadhus og to-tre leiligheiter i etasjen over nærbutikken med 1-2 arbeidsplassar. Det er meir enn ein bueining, men langt mindre enn 20 bueiningar innanfor sprutsone.

FV4062 – Markelandskleiva ligg og innanfor sprutsone. Vegen vert ikkje sett på som kritisk infrastruktur då det er alternative vegar ut i frå området.

Røyrkata er difor foreslått plassert i konsekvensklasse 2.

3.18 Ev. alternative utbyggingsløyningar

Det er ikkje planlagt eller forslag til andre utbyggingsløyningar

3.19 Samla vurdering

Tabell under viser ei samla oversikt over konsekvensar for relevante deltema ved gjennomføring av tiltaket. Vurderinga er gjort av konsulent. Samla sett er konsekvensen av tiltaket vurdert til å vere ubetydeleg til lite negativ.

Tema	Konsekvens	Søklar/konsulent vurdering
Vasstemp., is og lokalklima	Ubetydeleg (0)	Konsulent
Ras, flaum og erosjon	Ubetydeleg (0)	Konsulent
Ferskvassressursar	Ubetydeleg (0)	Konsulent
Grunnvatn	Ubetydeleg (0)	Konsulent
Brukarinteresser	Ubetydeleg (0)	Konsulent
Raudlisteartar	Ubetydeleg (0)	Konsulent
Terrestrisk miljø	Noko negativ (--)	Konsulent
Akvatisk miljø	Ubetydeleg (0)	Konsulent
Landskap	Ubetydeleg/Lite negativ (0/-)	Konsulent
Kulturminne og kulturmiljø	Ubetydeleg (0)	Konsulent
Reindrift	-	-
Jord- og skogressursar	Ubetydeleg (0)	Konsulent
Oppsummering	Ubetydeleg/ Lite negativ (0/-)	Konsulent

3.20 Samla belastning

I høve rettleiar frå NVE ligg det ikkje føre nokon definert metodikk for dette punktet. Det vert difor her gjort greie for samla belastning for eit område utover influensområdet for sjølve kraftverket, og ei oppsummering av hovudtrekka i søknaden.

Det er lite utbygd småkraft i området, sjå avsnitt 1.6, og samla belastning/sumverknader av fleire kraftverk vert difor ikkje relevant.

Samla belastning er også omtalt i rapporten om konsekvensar for naturmangfald. Den samla belastninga er vurdert til å vere forholdsvis liten. Utbygginga legg heller ikkje til rette for ytterlegare nedbygging av naturareal.

4 Avbøtande tiltak

I anleggsfasen vil det verte fokus på å bruke minst muleg areal og ta vare vegetasjonsdekket for å nytte dette i samband med arrondering og oppussing av terrengoverflater. På denne måten vil ein kunne oppnå naturleg revegetering.

